

ULLA SKULEHUS

ÅRSMØTE 12.06.10

Desse møtte:

Styret: Knut Hallvard Ulla, Peder Ulla, Grethe Flem Ulla.

Anna Ulla, Peder Tomren, Helle Ingelsrud, Hildegunn Ulla, Guttorm Ulla, Lars Ulla

Kirsti Ingelsrud (kom etter jobb).

Sak 1 Godkjenning av innkalling.

Utan kommentar, med unntak av Kirsti Ullahamar som var skuffa over å ha fått innkallinga i posten, då ho endeleg hadde fått e-post.

Sak 2 Årsmelding

*11. april 2009 var det skipingsmøte, her møtte 36 personar.

*Det har vore 4 styremøte, i tillegg til ein del kontakt på telefon og e-post.

*Ulla skulehus er innmeldt i Brønnøysund-registeret. Årsavgift er betalt.

*Frådeling av festetomt frå Jo-garden og Nergard. I januar 2010 var vedtaket i orden frå kommuna si side. Oppmåling er ikkje utført. Festeavtalen med Jo-gard og Nergard trer i kraft når oppmåling er gjort. Då skal skøyte og betalast.

*Kulturelle aktivitetar: Teaterframsyning med utekonsert der Leif Ståle Åsebø og Einar Longva spela. Sal av kaffi, kaker, brus.....

*Dugnad og vedlikehald:

24.juli: utvendig vask av skulen og måling veka etter.

02. januar: Tok ut døra og sette i ei plate.

12. juni: Døra sett i att. Montert på nye lås.

*Økonomi:

Rekneskapet vert avslutta 30.april. (Ikkje ved årsskiftet).

Ulla skulehus har 69 medlemmar, av desse er 5 barn.

Kontingenten er kr 300.

Stønadar: 10 000 frå Sparebanken Møre

5 000 frå Haram kommune

Innsamlingar på Ullafesten, der m.a .Astrid Ullahamar arrangerte tombola.

Ulla skulehus er forsikra i Terra, forsikringssum kr 2000 pr år.

Gebyr til Brønnøysund-registeret.

Rekneskapet er revidert av autorisert rekneskapsfører frå Molde.

Knut H Ulla las opp revisorkommentar datert 06.06.10

Pr 30.04.10 stod det 21 427, 90 kroner på konto.

Sak 3 Rekneskapet godkjent utan kommentar.

Sak 4 Val av valkomité: Astrid Ullahamar og Guttorm Ulla.

Lars Ulla og Helle Ingelsrud skriv under protokollen.

Sak 5 Planar for neste år:

Arrangement i sommar: Klæberget – sal av ulike handlaga produkt i veka før og etter Ullafesten. Siv Ulla Otterlei og Solveig Dalhaug Ulla står som ansvarleg.

Helle Ingelsrud tek ansvar for klipping av gras.

Dugnadshelg rundt årsmøtet.

Lars Ulla tek på seg å henge opp plakatar ,dugnaden blir og annonsert på Ullanet.

Forslag til oppgaver: Rydde loftet slik det kan brukast til lager.

Ordne dørene inne

Lag stige til loftet

Liste rundt vindauge

Måle tak

Støvsuge og vaske.

Ta stilling til kva orgel vi skal ta i bruk av dei vi har fått tilbod om.

Grethe Flem Ulla
sekretær